

## **Referat frå FAU-møte ved Ulveset skule**

Ulveset skule,  
6.2.2019,  
kl. 20:00

Møtt: Anja S. Ulveseth Heggen, Anne Irene Ulveseth, Cecilie Mangerøy, Lejla Tipura, Lene Habbestad, Stig Alvheim, Steinar Elverum, Elen Elvebakk (ref.)

### **1: Godkjenne innkalling, referat sist møte og årsmøte**

Innkalling og begge referat godkjend

### **2: Info fra SU**

*Informasjon v/Cecilie:*

Alt av prosedyrar og retningsliner ved skulen skal samlast i ein læringsmiljøplan – dette arbeidet er godt i gang.

*Anja om skulemiljø:*

Inneklima på skulen skal greiast ut denne våren.

Peikast i det same på rotete løysingar for klede i gangane på skulen.

Hatt møte med ordførar Marianne S. Bjørøy ang overgang for dei som skal til skulen via gangveg frå sør og høl i rekkrverk langs same gangveg. Ho skal sjå på vedtak i Trafikksikringsplanen for trygg skuleveg og undersøke med Vegvesenet, så tar ho igjen kontakt.

Vil i det vidare og sjå på andre bustadfelt som treng overgangar på skulevegen.

### **3: Saker FAU bør ta opp i SU**

Ingen nye saker meldt inn

### **4: Eventuelt**

Ad nytt ordensreglement: Veit ein noko om korleis dette har blitt motteke av foreldre/føresette?

Spm. ang tryggleiken ved å ha betongklossar ved hinderløype bak gymsalen. Fjell kommune, som har ansvar, har valt denne løysinga og alt er godkjend.

Møtet heva 21:00 /EE